

Nordkalottfolket: naturbruk eller naturrasering?

I høve Samefolkets dag har Klassekampen intervjuet den største utfordraren til sametingspresident, Vibeke Larsen frå Nordkalottfolket. Ho fortel at Nordkalottfolket vil ha "mer bruk av naturen og ressursene".

I utgangspunktet er det lett å slutte seg til dette. Den første leiaren av Nordkalottfolket var også grunnleggar av ein bedrift som lagar matprodukt av naturressursar som bær og planter. Det er ein bruk av naturressursane som vi bør få meir av. Med å vise litt omsyn kan dette godt kombinerast med interessene til reindrifta. Det same gjeld for innlandsfiske, jakt og jordbruk. Men det er ikkje slik naturbruk det stridast om i dag. Lenger ned i innlegget slepp katta ut av sekken: *Dagens sameting sier av hensyn til reindrifta nei til vindkraftutbygging, nei til nye kraftlinjer, nei til de fleste typer naturinngrep og vil stanse elektrifisering av Melkøya.*

Nordkalottfolket vil altså seie ja til alt dette. Elektrifiseringa av Melkøya er basert på gigantiske naturinngrep i form av vindkraft og trulig også vasskraft. Dei planane som no ligg føre vil hindre både reindrift og anna naturbruk i store delar av Finnmark. Her er det ikkje snakk om bærekraftig utnytting av fornybare ressursar, men om nedbygging av natur.

Vidare står det i artikkelen: *"Nordkalottfolket mener reindrifta i dag nærmest har monopol på naturbruk, og at all næringsutvikling skal tilpasses reindriftas behov."* Dette er rett og slett ikkje sant. Eg bur i den største reindriftskommunen. Eg brukar naturen til sanking av bær, sopp og planter til mat og medisin, eg fiskar eigen vinterforsyning av ferskvassfisk med garn. Mange andre har tilsvarande og anna naturbruk, som jakt, vedhogst og sanking av materiale til duodji (husflid). Dagens reglar for dispensasjon for utmarkshausting kan absolutt diskuterast, men det synest ikke å vere denne naturbruken Nordkalottfolket bryr seg om.

"Vi kan ikke si nei til alt", sier presidentkandidaten. Men kven seier nei til alt? Eg ser dei ikkje verken i Nordkalottfolket sine motstandarar i NSR (Norske samers riksforbund) eller i miljørørsla. Der ser eg ingen som seier nei til gjenoppstart av Sydvaranger Gruve, ingen som seier nei til gjenreising av fiskeindustrien og kystfiske. Derimot ser eg mange som seier nei til forgifting av fjordane med gruveavfall og oppdrettsavfall, rasering av store natur- og reindriftsområde til kraftutbygging og gruvedrift, til eventyrprosjekt av hydrogenfabrikkar, batterifabrikkar og datasenter. Som Nordkalottfolket seier ja til.

Kvifor bryr eg meg om dette? Som norsk nordmann har eg ikkje røysterett til sametingsvalet. Men Nordkalottfolket stiller også til fylkestingsval og dei hevdar å representere også norske og kvenske interesser i Finnmark. Eg vil som nordmann i Finnmark ha meg fråbedt å bli representert av desse falskspelarane, som under dekke av samiske interesser vil legge alt tilrette for at utanlandsk kapital kan tene på norske og samiske naturressursar.

Om regjeringa si parole for naturnedbygging, "meir av alt – raskare" skal gjennomførast, vil vi stå overfor den største endringa av norsk natur sidan istida. Dette trugar særlig reindrifta, som også er ei viktig kraft for å avgrense den planlagte naturraseringa. Det kan vere mange milliardar å tene på vindkraft- og gruvespekulasjon. Da gjeld det å nedkjempe hindra. Dei største utfordringane som spekulantane må takle er miljørørsla og samiske næringar. Da treng dei Nordkalottfolket, som har som si hovudsak å auke konfliktane mellom reindrifta og alle andre: *Vi vil at alle samer skal anerkjennes, og at ikke bare reindrifta skal utgjøre den samiske stemmen.* Men reindrifta har ALDRI vore den einaste "samiske stemmen". Sjølv hos Nordkalottfolket sin hovudmotstandar NSR har INGEN av dei 20 leiarane i organisasjonen gjennom tidene vore reindriftssamar, og bare eit par har vore frå reindriftsfamiliar. Nordkalottfolket må gjerne engasjere seg sterkt for sjøsamiske interesser, men det er IKKJE reindrifta som har kasta sjøsamiske fiskarar på land.

10.-11.03.2025 arrangerer Norsk Bergindustri i lag med søsterorganisasjonar i Sverige og Finland konferansen *Nordic Forum on Raw Materials*. Under seksjonen *How to tackle challenges* skal partisekretæren i Nordkalottfolket forelese om *Industry meets Sami culture*, altså gi mineralnæringa råd om korleis overvinne den samiske motstanden.

Den nytilsette partisekretæren kjem rett frå ei stilling som direktør for Kingsrose Finnmark, eit australsk leiteselskap som er finansiert av verdas største gruveselskap BHP. Kingsrose har sikra

seg leiterettar i store delar av Porsanger, Karasjok og Guovdageaidnu. Der gjennomfører dei no leiteprogram trass i at dei er heilt avviste av to av kommunane og ikkje minst av reindriftn og Sametinget.

Kva med litt kritisk journalistikk i Klassekampen?